



Roald Rusten
Sjoangevegen 282

5457 Høylandsbygd

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synneve Skei	901 46 818	2026/5108-5		23.06.2026

Vedtak om pålegg om opprydding etter forureining - Sjoangeelva - 203/3

Vi viser til utgåande brev frå miljøretta helsevern, der du vart beden om å gje opplysningar om eigarforholdet på staden der det har vore utslepp av husdyrgjødsel (møk) til vassdrag.

I brev frå deg datert 23.06.2026 har du stadfesta at du er grunneigar på eigdommen der gjødselen er tømd.

På denne bakgrunnen følgjer miljøretta helsevern opp saka i medhald av forureiningsregelverket. Kommunen vil med dette fatte vedtak om pålegg om opprydding med heimel i lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) § 7.

Med heimel i lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) § 7 fjerde ledd, jf. § 7 første ledd, pålegg miljøretta helsevern å fjerne og rydde opp i husdyrgjødsel som er dumpa i Sjoangeelva.

Frist for oppstart av tiltak: Umiddelbar opprydding innan 48 timar og tilbakemelding innan 26.06.2026 kl. 12:00. Tilbakemeldinga skal innehalde bilettdokumentasjon samt opplysning av skadeomfanget der observasjon av om vatnet er farga, om det har lukt, eller om det er observert død fisk.

Tiltaka skal gjennomførast i samråd med miljøretta helsevern for å sikre at oppryddinga ikkje fører til ytterlegare spreiring av forureininga.

Kommunen vil gjennomføre synfaring på staden for å følgje opp saka og kontrollere at pålegget blir følgt. Synfaringa blir gjennomført med heimel i forurensningsloven § 50.

Saksopplysningar

Dato og tidspunkt for når forureininga er usikkert då miljøretta helsevern fekk melding om dette via SMS og telefonsamtale av klagar som ikkje klarte å tidfesta hendinga.

SMS med bilete syner ukjente mengder med husdyrgjødsel som er dumpa i Sjoangeelva og langs ved elva.

Skadeomfanget er ukjent i forhold til om det er farga vatn, lukt eller observert død fisk.

Kommunen har i tilbakemelding frå grunneigar datert 23.06.2026 fått bekrefta at det er grunneigar som har gjort dette.

Det er vurdert å utelata varsling om pålegg på grunn av akutt fare (forvaltningsloven § 16), derfor vert det sendt ut vedtak om pålegg om opprydding.

Rettsleg grunnlag

- Etter forurensningsloven § 7 første ledd har kvar og ein plikt til å unngå forureining, og plikt til å avgrense skaden dersom det oppstår akutt forureining.
- Etter forurensningsloven § 7 fjerde ledd kan forureiningsstyresmakta (kommunen) gje pålegg om tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av forureininga innan ein fastsett frist.
- Dumping av husdyrgjødsel bryt også med gjødselvareforskrifta § 24, som forbyr lagring og spreining av gjødsel slik at det medfører fare for forureining av vassdrag.

Grunngjeving for pålegget:

- Husdyrgjødsel i vassdrag medfører akutt organisk belastning, kritisk oksygenvikt og bakteriell forureining.
- Kommunen vurderer at det er stor fare for uoppretteleg skade på det biologiske mangfaldet i elva, samt fare for brukarinteresser som til dømes drikkevasskjelder, badevatn og folkehelse.
- Tiltaket er avbøtande for å hindre ytterlegare spreining.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom pålegget ikkje blir følgt innan dei fastsette fristane, vil kommunen vurdere vedtak om tvangsmulkt. Det kan fattast vedtak om løpande dagbøter og/eller eingongsbot etter forurensningsloven § 73 fram til oppryddinga er gjort.

Klagerett

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet vedtaket er teke imot. Klagen skal sendast til post@kvinnherad.kommune.no

Ein klage har i utgangspunktet ikkje oppsetjande verknad for pålegg gjevne ved akutt forureining. Det betyr at oppryddinga må starte sjølv om vedtaket blir påklaga.

Innsynsrett

De har rett til innsyn i dokumenta i saka etter forvaltningsloven § 18.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Synneve Skei
Konsulent miljøretta helsevern

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Natalie Martins Sæberg
Synnøve Handeland

Rosendalsvegen 10
Rosendalsvegen 10

Mottakarar:
Roald Rusten